

Temaplan

Friluftslivets ferdelsårer 2024- 2036

Høyringsforslag 26. august 2024

Ut på tur, aldri sur!

Vi er ei turglad kommune. Uansett ver, men spesielt på solfylte dagar kan ein finne folk i alle aldrar på sykkel, til fots på fjellet, på SUP-brett på Giske eller born som plukkar skjell i fjøra. Denne planen oppfordrar til alt dette!

Dette dokumentet kan brukast på fleire måtar. Sit du med urolege bein og berre vil ut å gå, kan du sjekke opp turrutene våre nedst i dokumentet. Her er korte skildringar, tips om kva ein bør vere merksam på og eit kartutsnitt av turruta. Ønskjer du å sjå kartet meir i detalj finn du dette på våre heimesider.

Plan for friluftslivets ferdsselsårer er også eit levande dokument som handlar om status, vern og utvikling av turområda våre. Du vil finne informasjon om freding og sikring av område, samt kva satsingar vi ønskjer å gjere for å vidareutvikle områda og korleis dette er knytt opp til anna planverk i kommunen.

Kartfesting, å legge turruter inn i kartet, er eit arbeid som tek lenger tid enn å skrive ein slik plan. Vi har derfor ikkje registrert inn alle ferdsselsårer som finst, og kanskje vil vi aldri kome heilt i mål. Men kartgrunnlaget og planen skal oppdaterast gradvis slik at kartet stadig vert meir utfyldt. Ser du manglar, har du bekymringar for hardt belasta område, eller oppdaga skjulte skattar som fleire bør få vite om – då kan du ta kontakt med kommunen!

God tur!




Foto: I fjøra sørvest på Giske - Ingvild Nautvik

Plan for friluftslivets ferdsselsårer

Plan for friluftslivets ferdsselsårer er eit verkemiddel for å identifisere, ivareta og utvikle stiar, turvegar, løyper og leier som er viktige for vår utøving av friluftsliv.

På oppmoding frå Miljødirektoratet og Stortingsmelding 2018 (2015-2016) «Handlingsplan for friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet», utarbeidar kommunane ein eigen plan for friluftslivets ferdsselsårer.

«Det å gå på tur er viktig for folks helse og livskvalitet, og det er mål for friluftspolitikken at alle skal ha mulighet til å drive friluftsliv i nærmiljøet og naturen ellers. For å nå det nasjonale målet om at befolkningen skal utøve friluftsliv jevnlig, kreves god tilgang til turmuligheter og attraktive naturområder.»

Miljødirektoratets rettleiar M-1292/2019 «Plan for friluftslivets ferdsselsårer»

Innleiing

Giske kommune vedtok våren 2023 ein ny samfunnsdel i kommuneplan. Eitt av hovudmåla for giske samfunnet er at vi skal ha ein god bukommune å leve heile livet. To underordna prioriteringar er 1) å ta vare på den unike naturen på ein god måte og 2) kompakt arealutbygging og -bruk.

Innbyggjarane i Giske kommune, og dei kringliggande kommunane, er flinke til å nytte seg av friluftsområda våre. Vi har eit rikt nettverk av stiar, turvegar m.m. på øyene våre, sjølv om vi i km^2 er ein liten kommune. Engasjementet for å bevare, halde ved like og vidareutvikle blant dei frivillige, organisasjonar og lag er også høgt.

Det overordna formålet med å lage ein plan for friluftslivets ferdsselsårer er difor å forankre arbeidet på ein slik måte at det sikrar både vern, bruk og vidareutvikling på ein god måte.



Foto: Fotograferer bølgjene – Ernst Valderhaug

Kvifor ein plan for friluftsliv og ferdsselsårer?

Forankring



Foto: Stimerking - Ingvild Nautvik

Klima og miljødirektoratet starta i 2019 ei femårig, nasjonal satsing på friluftslivets ferdsselsårer, der formålet er å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking og kartfesting av samanhengende nettverk av ferdsselsårer for friluftsliv. Satsinga er forankra i Nasjonal handlingsplan for friluftsliv (2018) og Stortingsmelding nr. 18 (2015-2016) «*Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet (friluftsmeldinga)*».

Sunnmøre Friluftsråd har også aktive vore støttespelarar og rådgjevarar i arbeidet med planen.

Folkehelse

Å gå på tur er viktig for folk si helse og livskvalitet og det er eit mål for friluftspolitikken at alle skal ha høve til å drive friluftsliv i nærmiljøet sitt og i naturen elles. For å nå dette nasjonale målet krevs god tilgong til turhøver og tilgjengelege naturområder. Ein studie gjennomført av NINA (Norsk institutt for naturforskning) viser at skilting og merking av gode tiltak fører til auka bruk, spesielt blant nye og uerfarne brukarar.

Det er naturleg å knytte folkehelseomgrepet opp mot tiltakstrappa innan helse og omsorg, der tidleg innsats og førebygging vil bli stadig viktigare for å unngå sprengte kapasitetar i pleietrengande sektorer innan helse og omsorg.


Marknadsføring og opplysning

God marknadsføring er ein nøkkel for å få folk ut i friluftslivet og til å gjere ferdsselsårer kjend. Det kan gjere kommunen meir synleg og bidra til ny busetting. Andre aktørar som næringsliv, bygdelag, idrettslag og andre organisasjonar kan også vere ein del av eit ferdsselsårenettverk i giskesamfunnet slik at vi saman kan arbeide for betre tilrettelegging.

Vidare treng befolkinga opplysning om kvar det er tilrettelagt for auka ferdselstrafikk, og kva område som treng varsam ferdsel eller vern mot ferdsel. Oppdagar ein sjeldne artar av flora og fauna kan ein sjølv gå inn og registrere dette i [artsdatabanken](#), ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfold som er underlagt Miljødirektoratet.

FN sine berekraftsmål

Berekraftsmåla frå FN ligg til grunn i alt planarbeid kommunen utarbeider, og er også sentral i Plan for friluftslivets ferdsselsårer.



- **Økologisk berekraft** handlar om å utvikle samfunnet innanfor planeten si tålegrense og redusere tapet av biologisk mangfold. Klimaendringane må reduserast, og samtidig må samfunnet tilpasse seg konsekvensane av endringane som allereie pågår.
- **Sosial berekraft** handlar om å sikre innbyggjarane like moglegheiter til å delta i samfunnet, å investere i gode oppvekst- og levekår, helse, utdanning, likestilling, inkludering og mangfold. Samhaldet i samfunnet, tillit, demokrati og opplevd tilhørsle er avgjerande for berekraftig utvikling.
- **Økonomisk berekraft** handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre miljøbelastning, samt rettferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling forutsett at det vert skapt verdiar i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod.

Kommuneplanen sin samfunnsdel



Giske kommune sin visjon er *historisk og framtidsretta*. Og eit arbeid med ferdselsårer handlar nettopp om dette. Kommunen ønsker å kartlegge kor innbyggjarane har ferdast og opparbeidd stiar, råser og gangvegar gjennom tidene, ferdselsårene sin tilstand og kva som er berekraftig bruk av dei slik at vi også kan ha dei i framtida.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har mange satsingsområder og mange av dei går direkte eller indirekte inn som føringar i denne planen.

«God helse og livskvalitet blant innbyggjarane er viktig i seg sjølv, men det er også samfunnet sin viktigaste ressurs. Grunnlaget for folkehelsa blir lagt der folk lev sine liv; der ein leikar, lærer, arbeider, bur og deltek i aktivitet ilag med andre.»

Det er to grupper som skil seg særskilt ut med tanke på behov for tiltak innan folkehelse. Tal frå Ungdata viser at ungdomsskuleelevar i Giske er mindre fornøgd med helsa si, har meir psykiske plager og meir søvnproblem samanlikna med gjennomsnitt for fylket og landet. I andre enden av aldersstigen finn ein dei eldre, som i likskap med andre kommunar blir stadig fleire, eldre og med meir komplekse sjukdomsbilete.

«Kommunen må legge til rette for at innbyggjarane skal meistre eigne liv så lenge som mogleg og bu heime så lenge som mogleg. Dei lave stega i innsatstrappa må styrkjast. Auka fokus på tidleg innsats, rehabilitering, folkehelse og styrke pårørande og frivillige som ressurs.»



Foto: Steinleggingsdugnad på Valderøyfjellet - Sølve Grimstad

Giske kommune kan ikkje klare alle oppgåvene og måla i samfunnsplanen åleine, derfor vil kommunen legge til rette for samarbeid med innbyggjarane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar for å nå måla. Samspelskommunen Giske vil vere eit satsingsområde i åra framover.

Kommuneplanen sin arealdel

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel starta opp hausten 2023, med mål om vedtak i 2025. Ein plan for ferdsselsårer og ei kartlegging av områder som bør takast omsyn til i arealplanlegginga vil vere viktige retningsvisarar. Ved oppstartsmøte våren 2023 vart arbeidet med nytt Barnetråkk gitt prioritet og skal arbeidast inn parallelt med denne planen.

Tilrettelegging av ferdsselsårer har hovudsakleg positive forteikn, men i nokre tilfeller kan utvikling av menneskelege ferdsselsårer føre til stor skade på naturmangfaldet. I samband med byggesaker og reguleringsendringar vert til dømes utryddingstrua flora og fauna ofte ikkje fanga opp før langt ut i ein utbyggingsprosess, og naturverdiar vert heller ikkje veklagt like stor verdi som andre omsyn sein i ein byggeprosess.

Anna relevant planarbeid

Kulturmiljøplan 2022 – 2030

Giske kommune har hatt ein Museum- og kulturminneplan sidan 2008. Kommunen sin gjeldande kulturmiljøplan vart sist revidert 28. April 2022. Denne har som hovudmål å kartlegge og redusere tap av verneverdige kulturminner og kulturmiljø. Det kjem fram i kapittel 3.1 at eit verkemiddel for å ta vare på kulturminna for framtida er ved å opprette omsynssoner og regulere områda mellom anna til friluftsføremål.

Nøkkelstad i kystpilegrimsleia

Giske kyrkje er eitt av 26 kystpilegrimsmål langs kystpilegrimsleiar mellom Egersund og Nidaros. Pilegrimar reiste også kystvegen i si ferd mot Nidaros og «*gode ankerplassar, lune hamner og rike fiskefelt vart naturlege knutepunkt i samferdsla*». Sjå heimesidene til *Pilegrimsleden* for meir informasjon: <https://pilegrimsleden.no/interessepunkter/giske>

Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050

Strategien vart vedteken i 2022 og peikar på utfordringar som kommunen møter når ein går inn i «Eldrebølgjen». Tiltak som kan lette pleietenestene våre er å sikre tenester som fremjar gode folkehelsetiltak.

«Kommunen skal ha helsefremjande, trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, og vere eit aldersvenleg samfunn der den einskilde har ein meiningsfull og helsefremjande kvardag, høg grad av sjølvstende og moglegheit for deltaking i samfunnet.» (Kapittel 3)

Barnetråkk

Barnetråkk vart gjennomført i 2015 og det er parallelt med denne planen satt i gong arbeidet med ei ny kartlegging. Barnetråkk vil seie å hente inn informasjon frå barnehagar og skular om kvar borna ferdast. Borna går kanskje ikkje til skule på fortau langs hovudvegen, men heller følgjer ein sti i skogen eller over den opne marka. Barnehagane i kommunen har i 2023 merka kvar dei går tur, har uteleik eller generelt opphold seg utanfor barnehagegjerdet.

Ei målsetjing vidare er å gjere ei full kartlegging frå alle skulane i kommunen. Dette vil kunne bidra til å sikre ferdelsårene mot utbygging og andre tiltak som kan forstyrre barn og unge sine friluftsområder.



Foto: På tursti til Skaret - Ingvild Nautvik

Kommuneplan for naturmangfold 2018-2030



Foto: Kysthumle - Dag Holtan, artsobservasjoner.no

Planen vart vedteken i juni 2018 og har som mål å synleggjere viktige områder i Giske kommune, med vektlegging på område, naturtype og artar som krev særskilt behandling.

Av områder som kan nemnast er Skjonghellaren på Valderøya, ulike naturreservat og fuglefredingsområder, foreslårte omsynssoner for naturtyper på land og i sjø, m.m.

Sjå planen i sin heilskap: [Kommunedelplan for naturmangfold 2018-2030](#)

Målsetting

Formål

Giske kommune som bukommune – ein god plass å leve heile livet. Innbyggjarar i ulike fasar av livet skal kunne nytte og nyte den flotte og unike naturen vår, ved havet, i skogen og på fjellet. Plan for friluftslivets ferdelsårer skal identifisere, ta vare på og utvikle ferdelsårer nær der folk bur.



Foto: Kvilebenk mellom Fløyna og Skaret - Ingvild Nautvik

Effektmål

- Auke fysisk aktivitet og betre livskvalitet og psykisk helse hjå innbyggjarane.
- Tydeleggjere moglegheiter for friluftsliv og kvardagsaktivitet for alle innbyggjarar i nærleiken av der folk bur, uavhengig av inntekt og sosial status.

Resultatmål

- Oppdatert kartgrunnlag i digitale kart for friluftsformål, tilgjengeleg for alle.
- Skular, barnehagar og sjukeheimar/helsetun skal ha minst ei turrute/friluftsmål tilknytt deira umiddelbare nærleik
- Turrutene skal vere differensiert med tanke på terreng og opplevelingar, og ha ulik grad av tilrettelegging.
- Det skal vere minst ein naturprega turrute tilrettelagt for ulike funksjonsnedsettingar.

Avgrensing

Giske kommune har eit stort nett av ferdsselsårer på alle fire øyane. Målet er at ein for framtida skal kunne kartlegge flest mogleg. Avgrensing for denne planperioden er å fokusere på nærturar, turar som ligg tett på bustadområder der startpunkt for turen ikkje skal ligge meir enn 500 meter frå bustadområdet. Dette for å fremje motorfri ferdsel.

Målgruppe:

- Barn og unge
- Vaksne midt i livet i tidsklemma
- Personar med rekkeviddeutfordringar

Planen er ein temaplan. Det vil seie at planen i seg sjølv verken binder inngrep, arealbruk eller økonomiske prioriteringar. Planen kartlegg eit behov og kan fungere som kunnskapsgrunnlag og idébank i arbeidet med arealplanlegging og anna planarbeid. Planen vil også vere del av eit

grunnlag for prioritering av tilskot generelt, men også knytt særskilt til Spelemiddelordninga «Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet».

Metode

Prosess

Prosjektetgruppa for planen vart nedsett seinhausten 2022 og har følgt Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292 2019 for utarbeiding av prosjektskisse som vart forankra politisk våren 2023. Neste steg har vore kartlegging av no-status. Prosjektet henta våren 2023 inn bruk av og forslag til ferdelsårer frå barnehagane i kommunen. Desse ferdelsårene har blitt brukt som grunnlag og samanlikna med tidlegare barnetråkk for å oppdatere og gjere kartfestinga meir brukarvenleg. Det har også blitt sett til tidlegare arbeid med verdisetting og kartfesting av friluftsområde i kommunen frå 2016.

Organisering

Arbeidet er gjennomført av ei lita prosjektgruppe: Prosjektleiar Ingvild Nautvik (spesialkonsulent kultur) og Gerd-Alice Blindheim (arealplanleggjar). Torill Valderhaug (tidl. Folkehelsekoordinator) var med i startfasen. Grunna så få administrative ressursar har ein del av arbeidet gått til å vurdere «dei lavthengande fruktene», med mål om å utvide kartgrunnlaget i framtidige rulleringar av planen.

Hovudavgrensinga av utvalde område har vore dei som stettar resultatmåla og særskilt innanfor 500-metersbeltet frå tettare bygde område.

Kartlegging

Prosjektgruppa har med utgangspunkt i dei kjende hovudtraseane hatt synfaringar med kartfesting av områda. Synfaringane vart gjort hovudsakleg for å sikre riktig kartfesting av rute, men og for å stadfeste tilstand og eventuelle behov for utbetring eller vern.

Medverknad

Planen blir sendt ut på høyring til innbyggjarane gjennom kunngjering på heimesidene og i annonse i lokalavisa. Berørte grunneigarar får også særskilt høve til å uttale seg i høyringsperioden.

Planen skal også til behandling i alle relevante politiske råd og utval, herunder dei tre medverknadsråda, livsløpsutvalet, formannskapet og til godkjenning i kommunestyret.

Ferdselsårer i dagens Giske kommune

Status

Det har vore gjort eit stort stykke arbeid med kartlegging, verdsetting og satsing på tur og friluftsliv i Giske kommune. Ulike aktørar har gitt viktige bidrag for å tilrettelege, bevare og framsnakke friluftsaktivitetar. Dei ulike idrettslagene, Godøy IL, Giske IL, Vigra IL og IL Valder har alle bidrige med bygging og vedlikehald av ferdselsårer. Sunnmøre Friluftsråd er også ein viktig bidragsyta som set ferdselsårene på kartet gjennom blant anna StikkUt!.

Ålmenta sin rett til å ferdast i utmark, og også ferdselsårer som går fra innmark til utmark og tilgjengeleg strandsone (100m-belte) jf. Friluftslova, gir kommunen både eit ansvar og moglegheit til å fremje og regulere ulike ferdselsformer. Den viktigaste forma for regulering er å fremje god informasjon om gode, så vel som sårbarer ferdselsområder.

Gjennom kartlegginga som er gjort i dette arbeidet finn kommunen at det generelt er eit stort behov for arbeid med merking og skilting av ferdselsårer og friluftsområdet for å rettleie ålmenta i å bruke område som tåler slitasje og vernar sårbarer område.

Naturmangfold



Foto: Fuglefredingsskilt - Ingvild Nautvik

Giske kommune opplever eit stort engasjement blant innbyggjarane når det gjeld bygging, vedlikehald og oppgradering av friluftslivet sine ferdselsårer i kommunen. Det er fint å sjå engasjement for tema som friluftsliv og folkehelse. Naturen i Giske kommune er ein viktig ressurs når det gjeld friluftsliv, naturopplevingar, rekreasjon og folkehelse. Det er også viktig å ta omsyn til naturen ved opparbeiding av stiar. Naturomsyn er ein faktor som ofte blir gløymt, eller kjem for seint inn i prosessen. Det er derfor viktig å hugse å gjere vurderingar knytt til naturmangfold tidleg i planlegginga. [Naturmangfoldlova](#) er ei norsk lov som regulerer forvaltning av naturens mangfold. Lova skal ivareta naturmangfaldet gjennom berekraftig bruk og vern av areal. Det er viktig at naturen får ei stemme i saker som berører den.

Der fins ein del kunnskap og kartfesta registreringar på nettet, til dømes i [Naturbase](#), [Artsdatabanken](#), [Miljøstatus](#) og [Kilden](#). Kommunen har også ein kommunedelplan for naturmangfold frå 2018, med tilhøyrande kart, fauna, flora og svarteliste (framande arter). I naturmangfaldplanen er det blant anna oversikt over naturtyper og verneområder i kommunen.


I kapittel 2 i [Miljødirektoratet sin veileder om å starte eit stiprosjekt](#) er det også god rettleiing om kor ein finn informasjon om blant anna naturverdiane i ditt område. Rettleiinga er ellers

også veldig god og oversiktleg, og vi rår til å bruke den. Her blir ein til dømes minna på å avklare med kommunen om eit tiltak må behandlast etter plan- og bygningslova (PBL) eller andre lover.

Nokre naturområder i kommunen er så verdifulle at dei har fått områdevern (sjå figur) etter kapittel V i Naturmangfaldlova. I slike områder legg ikkje vi opp til tiltak, og vi gjer merksam på at der er eigne forskrifter med vernereglar og regler om ferdsel for å ivareta naturverdiar. Når ein ferdast i naturen er det derfor viktig å kjenne til kva reglar som gjeld, og kvar og kor tid det er forbod mot ferdsel. Dette kjem fram av dei ulike forskriftene.

Eit lite utdrag av reglar som gjeld ferdsel i verneområda:

Giske dyrelivsfredningsområde inkluderer heile øya Giske og ein del sjøareal. Dette området har felles forskrift med Giske fuglefredningsområde. (Sjå [forskrift om vern](#)). For dette området er det ikkje ferdelsforbod. Men i fuglefredningsområda elles ([Blindheimsvik](#), [Roaldsand](#) og [Rørvikvågen](#)), og i naturreservata, er motorisert ferdsel forbode. I [Synnesvågen naturreservat](#) og [Rørvikvatnet naturreservat](#) er camping, teltslagning og kamuflasjeinnretning for fotografering forbode. Også modellfly og modellbåt er forbode her. Rørvikvatnet naturreservat har i tillegg forbod mot all type ferdsel i tida mellom 1. april til 31. August. For naturreservata [Sætredalen](#), [Erkna](#), [Langholmen](#) og [Storholmen](#) er det ferdelsforbod på land mellom 1. mai og 31. Juli. I [Molnes naturreservat](#) er større arrangement forbode. Sykkel og hest skal innanfor reservatet berre nytte eksisterande vegar.



Verneområder i Giske kommune

Slik les du kartet og tabellen under

Tabellane under gir deg generell informasjon som er nyttig å vite om du vil ut på tur. Ei kort skildring, kva målgruppe turen er tilrettelagt for, kva målpunkt som fins langs ruta og om der er særskilte forhold ein må ta omsyn til når ein ferdast der. Hovudsakleg har vi veklagt særlege grunneigarforhold og omsyn til sårbart naturmangfald.

Ved å sjå på turkodene og målpunktkodene kan du finne desse igjen i kartvedlegga.

Valderøya



Valderøya er kommunen si tettast befolka øy og har kommunesenter, kollektivtrafikktildobd med buss og hurtigbåt, idrettsanlegg, kommunale kulturtildobd, fjøre, strender, fjell etc. Høgaste punktet på øya er Signalen på 231 moh. Hovudtrasé er ein rundtur rundt øya. Ut frå denne finns eit mylder av stikkvegar opp mot Signalen og ned mot fjøra. Langs turvegen finn du ulike utsiktspunkt, kulturminner, rasteplassar m.m.




Foto: Utsikt frå målpunkt Signalen (Ab-01) – Sunnmøre Friluftsråd

Valderøya		
		Vedtak:
Valderøya rundt (Turkode: A)	Skildring: Hovudsakleg tre typar veg/sti: trafikkert hovudveg med gang-/sykkelveg, kommunalveg utan gang-/sykkelveg, grusa tursti ca 1,20m breidde.	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.

	<p>Tilrettelegging: Fleire knutepunkt for kollektivtrafikk, parkering, skilting, gapahuk og rasteplassar.</p> <p>Målpunkt: Trollkjelen gapahuk ved Valdervoll (A-01), Benk ved tursti nedom Skjonghellaren (A02), Skjonghellaren rasteplass - benk bålpass og teltmoglegheiter ved Skjonghellaren (A-03). Utomfjellet rasteplass (A-04). Fjøreområde Kvennhusvika (Sætra) (A-05). Strand og fjøre på Jangardsøyra (A-06).</p> <p>Behov for tiltak: Samanhengande skilting. Fleire overgangsfelt for kryssing av Valderøyvegen.</p> <p>Naturmangfold: Sætra til Valdervoll, utvald naturtype kystlynghei av svært stor verdi.</p> <p>Grunneigaravtalar: Traseen går langs kommunal og fylkeskommunal veg. Grusa tursti er kommunalt ansvar.</p>	
<p>Trollhaugane – Skaret – Øvre Nordstrand (Turkode: Aa)</p> 	<p>Skildring: Dette er ein snarveg inni byggefelt, dersom ein ikkje vil gå langs hovudvegen heile runden. Noko rolegare bilveg med fortau store delar av strekninga.</p> <p>Målpunkt: Nordstrand akebakke (Aa-01), Olabakken akebakke (Aa-02).</p> <p>Grunneigaravtalar: Traseen går langs kommunal veg.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.
<p>Signalen frå Kolvikparken (Turkode: Ab)</p>	<p>Skildring: Turen går på tydeleg opparbeida sti, klopp, berg og steinheller. Toppunktet er 231 moh. med flott 360°-utsikt over hav, fjell og fjord. Turen er merka som enkel blant anna av friluftsrådet stikkUT-turar.</p> <p>Tilrettelegging: Fotturen vart oppgradert med steinlagt sti store delar av råsa i 2023/2024.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.

	<p>Målpunkt: Toppunkt Signalen (Ab-01), Vanntårnet rastepllass, benk og bord (Ac-01).</p> <p>Naturmangfald: Utvald naturtype kystlynghei av svært stor verdi. Mellom Kolvikparken og Skaret, naturtype boreal hei av middels verdi.</p> <p>Behov for tiltak: Nokre skilt bør settast opp ved stikryss. Turen er den høgast verdsette ruta i kommunen, og det er viktig å ha omsyn for naturen i kring. Hald deg mest mogleg på sti for å unngå slitasje på flora og fauna rundt.</p> <p>Grunneigaravtalar: Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane.</p>	
Olabakken – Eirikskogen – Skaret (Turkode: Ac) 	<p>Skildring: Lett opparbeida stitrakk, gjennom skog. Passerer leikeområde med gapahuk, disse/huske, edderkopnett m.m. Ulendt, men ikkje særleg bratt terreng.</p> <p>Målpunkt: Vanntårnet rastepllass, benk og bord (Ac-01). Olabakken akebakke (Aa-02).</p> <p>Naturmangfald: Utvald naturtype kystlynghei av svært stor verdi i øvre del mot Skaret.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.
Fløyna til Skaret (Turkode: Ad) 	<p>Skildring: Smal sti, delvis tilrettelagt med klopper. Ulendt terreng i skog og kratt, men stien er tydeleg heile vegen. Landskapet opnar seg opp siste del i lyng- og myrområde.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.
Fløyna (Turkode: Ae) 	<p>Skildring: Kort distanse langs communal veg med gang-/sykkkelveg, opp sti gjennom Olabakken akebakke vinterstid, gjennom skogssti og noko bratt stigning opp til 360° utkikkspunkt på 145 moh.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.

	<p>Målpunkt: Olabakken akebakke (Aa-02), Fløyna utkikkspunkt (Ae-01).</p> <p>Tilrettelegging: Gode parkeringshøve på Øysenteret. Opparbeida trakk/sti, og delvis steinlagd sti gjennom skog.</p> <p>Naturmangfald: Utvald naturtype kystlynghei av svært stor verdi.</p> <p>Behov for tiltak: Skilting frå kommunalveg. Rastepllass ved akebakke? Tilrettelegging med kvilebenk, bålpllass eller anna?</p>	
<p>Skjongvika </p> <p>(Turkode: Af)</p>	<p>Skildring: Avstikkar frå hovudveg, ned mot Skjonghamna og bort til grusa turveg 1,20-2m breidde langs fjøra til Ytterlandsvika. Trillevenleg. Friområde for born i Skjonghamna, med ballbinge, tilgong ned til fjøra, molo ein kan fiske frå m.m.</p> <p>Målpunkt: Rastepllass Ytterlandsvika-Skjonghamn (Af-01).</p> <p>Tilrettelegging: Nær trafikknutepunkt med kollektivpunkt, parkering, kafé og restaurant.</p> <p>Behov for tiltak: Skilting frå hovudtrasé.</p> <p>Grunneigaravtalar: Grusa turveg opparbeidd av Giske kommune i høve arbeid med teknisk infrastruktur.</p>	<p>Behandling i kommunestyret 14. november 2024.</p>

Vigra

Vigra er kommunens største øy målt i kvadratkilometer og terrenget er relativt flatt. Byggefelta ligg spreidt og der er også ein del større landbrukseigedomar. Ønsker ein å søke seg opp mot toppunkta er Molnesfjellet i nord og Synnesfjellet i vest. Ver merksam på fleire fuglefredingsområde og naturreservat samt viktige kulturminner i naturen.



Foto: Majaskogen leikeområde – Gerd Alice Blindheim

Vigra		
Hovudtrasé Vigra rundt (Turkode: B) 	<p>Skildring: Frå lokalsenter Roald med gode parkeringstilhøve på Rota stadion kan ein gå langs hovudveg på gang- og sykkelveg rundt store delar av øya, forbi Røssvikgarden, Synes, Blindheimsvika og forbi flyplassen.</p> <p>Hovudtraseen kan vere startpunkt til ulike turstiar og ferdsel ned mot strandsonene.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.
Rota – bak Molnesfjellet (Turkode: Ba) 	<p>Skildring: Fin grusveg/opptrakka sti langs strandlinja bort til gapahuk i Sandvika. Vidare tek stien deg langs strandlinje gjennom naturreservat i ope kystlandskap.</p> <p>Målpunkt: Opparbeida rastelass med gapahuk og bålpanne tett ved sandstrand, drive av Ågnegjerdet Velforening (Ba-01). Frå 20. august 2024 vil dette vere Naturmøteplass kvar tysdag i regi av Giske Rotary.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.

	<p>Tilrettelegging: Traseen frå Rota til Ågnegjerdet gapahuk er fint tilrettelagt for både born, trillande og senior. Stien vidare bak fjellet må gjerast til fots.</p> <p>Naturmangfald: Molnes naturreservat. Her er det forbode med motorisert ferdsel og større organiserte samlingar.</p>	
Tursti Blindheim (Turkode: Bb)	<p>Skildring: Grusa turveg. Passerer Majaskogen som leikeområde for familiar. Går langs strandlinje, inni skog, diverse rasteplassar med benkar.</p> <p>Målpunkt: Majaskogen – leikeområde for born og unge (Bb-01).</p> <p>Tilrettelegging: Passar godt for born, senior, trillande.</p> <p>Naturmangfald: Kystlynghei og myr som må takast omsyn til.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.
Blindheim/Røssvik til Brimneset seglmerke (Turkode: Bc)	<p>Skildring: Sti i ulendt terreng. Brimneset seglmerke er eit viktig kulturminne i kommunen. Kan gå tur-retur eller rundtur.</p> <p>Parkering ved Viking forsamlingshus eller Solbakken skule.</p> <p>Målpunkt: Seglmerket på Brimsnes (Bc-01). Sjå til kulturminneplan 2022-2030 for skildring.</p> <p>Naturmangfald: Viktige naturområde med utvalt naturtype kystlynghei. Eventuelle tiltak må verne om dette.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.

Giske

På øya er bustadområda sentrert og hovudveg ligg rundt desse. Hovudtrasé er asfaltert veg, delvis med gang- og sykkelveg eller landeveg utan tilrettelegging for gåande. Områda mellom hovudveg og strandsona består av landbruksområde, beitemark, sandstrender, delvis opptrakka stiar og småbåthamner. Heile øya ligg under forskrift for dyrelivsfreding og fuglefredingsområde. Planen legg difor ikkje vidare opp til tilrettelegging og utvikling av ferdsselsårer på øya.



Foto: Giske sett frå lufta - Torkild Skjøng

Giske

Hovudtrasé Giske rundt (Turkode: C) 	<p>Skildring: Bilveg og tilkomst frå dei ulike bustadområda. Vegen er tidvis smal og det er gang- og sykkelveg kun på korte strekningar.</p> <p>Målpunkt: Giske kyrkje (C-01), Mariabakken (C-02) – offentleg akebakke</p> <p>Naturmangfold: Det er ikkje lagt opp til vidareutvikling av ferdsselsårer til fots i dette området. Her er fuglefreding, myr, beiteområde m.m. så her må ein ferdast med varsemd.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.
Sjøvegen rundt Giskeøya (Turkode: Ca) 	<p>Skildring: Giske Vannsport leiger ut SUP brett og kajakk. Ein kan padle frå strand til strand, Padlar ein til sørsida av øya til Giske kyrkje nyttar ein same farvatn som har blitt brukt som kystpilegrimslei i fleire hundre år. På strandene kan det vere badande langs strandkanten, padle med varsemd.</p> <p>Ver obs på ver og vind!</p> <p>Målpunkt: Giske kyrkje (C-01) – landgang på stranda vest for moloen, Gjerdesanden (Ca-01), Øygardsstranda (Ca-02), Gjerdehamna småbåthamn</p> <p>Naturmangfold: Giske dyrelivsfredning. Sjå eiga forskrift.</p>	Behandling i kommunestyret 14. november 2024.

<p>Strandlinje nordvest (Turkode: Cb)</p> 	<p>Skildring: Historisk opptrakka sti i strandsona utan vidare tilrettelegging.</p> <p>Målpunkt: Tilrettelagt rastepllass på tuppen av Kvalneset (Cb-01).</p> <p>Tilrettelegging: Gode parkeringshøve ved Øygardshallen.</p> <p>Naturmangfald: Giske dyrefredningsområde. Ver obs under hekking, og vis respekt for beiteområde og fugleliv. Sjå eiga forskrift.</p> <p>Grunneigarar: Målpunktet ligg i strandsone som skal vere tilgjengeleg for alle.</p>	<p>Behandling i kommunestyret 14. november 2024.</p>
<p>Strandlinje nordaust (Turkode: Cc)</p> 	<p>Skildring: Strandsonetur utan særleg opptrakka sti, mykje fugl og sjøliv, passerer landbruksområder.</p> <p>Målpunkt: Gjerdesanden (Ca-01).</p> <p>Tilrettelegging: Gode parkeringstilhøve ved Giske IL og Øygardshallen.</p> <p>Naturmangfald: Det er ikkje lagt opp til vidareutvikling av ferdsselsårer i dette området. Her er fuglefredning, myr, beiteområde m.m. Giske dyrefredningsområde. Ver obs under hekking, og vis respekt for beiteområde og fugleliv. Sjå eiga forskrift.</p>	<p>Behandling i kommunestyret 14. november 2024.</p>
<p>Strandlinje sørvest (Turkode: Cd)</p> 	<p>Skildring: Strandsonetur med historisk opptrakka sti mellom beite og fjøre. Fine utsiktspunkt mot både Ålesund og Godøya.</p> <p>Målpunkt: Giske kyrkje (C-01)</p> <p>Tilrettelegging: Parkeringstilhøve ved Giske kyrkje.</p>	<p>Behandling i kommunestyret 14. november 2024.</p>

Naturmangfold: Det er ikke lagt opp til vidareutvikling av ferdsselsårer i dette området. Her er fuglefredning, myr, beiteområde m.m. Giske dyrefredningsområde. Ver obs under hekking, og vis respekt for beiteområde og fugleliv. Sjå eiga forskrift.



Foto: Gjerdesanden og Giske Vannsport - Torkild Skjøng

Godøya

Godøy har i mange år hatt eit sterkt idrettslag som har vore utgangspunkt for stor frivillig innsats for friluftslivet. På øya er det diskgolf-bane, det vert arrangert Storhornet opp – konkurranse kvart år og Godøyhallen husar både barn- og vaksenidrett. Godøy IL har opparbeida parkeringsplass med parkeringsavgift som kan vere utgangspunkt for turane nedanfor. I helgane er det også høve til å parkere ved skulen/godøyhallen.




Foto: Målpunkt Storhornet (Da-02) - Ingvild Nautvik

Godøya

<p>Fjellfotvegen (Turkode: D)</p> 	<p>Skildring: Grusveg som strekk seg frå Juv, med opparbeida parkeringsplass som er drifta av Godøy IL. Trillevenleg, men noko bratt stigning enkelte stader. Fleire avstikkarar til sti mot Godøyfjellet.</p> <p>Målpunkt: Gapahuk (D-01), Bukkene bruse (D-02)</p> <p>Tilrettelegging: Fint tilrettelagt for barn, med dei tre bukkane bruse og mange kvilebenkar langs heile vegen.</p>	<p>Behandling i kommunestyret 14. november 2024.</p>
<p>Storhornet frå Juv (Turkode: Da)</p> 	<p>Skildring: Godt opparbeidd historisk sti frå parkeringsplass opp til toppen på 497moh.</p> <p>Målpunkt: Gapahuk med utkikkspunkt ca halvvegs (Da-01), toppunkt Storhornet (Da-02).</p> <p>Tilrettelegging: Delar av stien er opparbeidd med steinheller. Gapahuken har overbygg, bålpass, benkar. Godt skilta frå startpunkt og ved gapahuk.</p> <p>Naturmangfold: Tek ein turen bort til Alnesvatnet frå gapahuken, ver merksam på at dette er drikkevatn og det er forbode med camping, bading, fiske m.m. ved vatnet.</p>	<p>Behandling i kommunestyret 14. november 2024.</p>

Handlingsplan- Ferdsselsårer framover

Denne planen er meint å vere eit levande dokument der ferdsselsårene og kartet vert oppdatert jamnleg. Kommunen har ei målsetting om å rullere planen annakvart år. Handlingsplanen nedanfor kan brukast til å sette konkrete mål for utarbeiding med tidsfristar og plan for

investering, eller den kan fungere som ein idébank til kva tiltak kommunens ferdsselsårer har behov for når ressursar blir tilgjengelege til det.

Handlingsplan og foreslalte tiltak	
Ytterlandshamna	<p>Bakgrunn: Reguleringsplan ID 2017005, vedteken 2020. Rekkefølgjekrav om opparbeiding av tursti langs strandsone (innanfor bestemmelsesområde RpBo#3)</p>
Seniorsti med rastepllass til Olabakken Ax og Aa-x	<p>Skildring: Frå Skomakarvegen ved Giske omsorgssenter kan ein i relativt flatt terrenge kome seg bort til sørvestsida av Olabakken. Her er det vinteraktivitetar med akebakke og elles mange forbipasserande gjennom heile året på stien opp til Fløyna.</p> <p>Målpunkt: Rastepllass (Aa-x)</p> <p>Bakgrunn: Reguleringsplan for Giske omsorgssenter. PlanID 2009008. Regulert inn tursti frå Skomakarvegen til Olabakken.</p>
Skjongholmen seniorsti	<p>Bakgrunn: I reguleringsplanen ID 2009005 er det ope for å tilrettelegge for enkelte mindre tiltak, som grusing av sti. «Opparbeiding skal skje etter nærmare detaljert situasjonsplan i samråd med grunneigarar og kommunen.» Dette kan til dømes vere rastepllass/kvilebenk på vest/sørvestsida av holmen.</p>
Sikring av friluftsområder	Starte kartlegging av områder som burde søkast statlege midlar til sikring av friluftsområder.
Målpunkt frå Barnetråkk	Fullføre alle viktige områder og målpunkt frå Barnetråkk 2023.
Ferdsselsårer til Signalen	Der er fleire ferdsselsårer mot Signalen som bør kartfestast og evt. sikrast.
Ferdsselsårer Godøyfjellet	Der er fleire ferdsselsårer på Godøyfjellet som bør kartfestast og evt. sikrast.
Dagsturhytte	Møre og Romsdal Fylkeskommune ønsker å inngå intensjonsavtale for å føre opp dagsturhytter i kommunane, eit 5-årig prosjekt fram til 2030.
Nye prosedyrer og informasjon	Kommunen skal utarbeide god informasjon for korleis ein går fram dersom eksterne ønsker å gjere tiltak på eller ved ferdsselsårer. Det er også behov for interne prosedyrer når slike henvendelsar kjem inn.

